

# Kyrkjelydshånd


## for

## Arna

NR. 7

SEPTEMBER 1985

18. ÅRG.



*Ikke en spurv til jorden uten at Gud det  
vet.*

*Ikke en sjel mot døden uten hans kjær-  
lighet.*

*Ikke en blomst er visnet, ikke en tåre  
falt.*

*Uten at Han vet om det. Han som er  
over alt.*

*Tro det når stormen herjer bladløse  
vintertrær.*

*Tro det når brenning bryter over de  
nakne skjær.*

*Tro det når ubeskyttet midt i en  
kamp du står.*

*Tro det når helt alene du med en  
smerte går.*

*Tro det når noe brister uten å vokse  
frem.*


*Tro det når noen mister det som var alt  
for dem.*

*Tro det når håp går under uten å reise  
seg.*

*Ikke en spurv til jorden — det er et ord  
til deg.*

Ingeborg Prytz Fougner

**MISJONSPREST  
HELGE HELGESEN  
Vikarprest i Arna**



I samband med at sokneprest Øyvind Øy har studiepermisjon i 3 månader denne hausten, vert misjonsprest Helge Helgesen vikar. Han tek til i Arna 1. september, og har vore vikarprest i Salhus det siste året. Han vert busett i Salhus, med adresse Saudalskleivane 87, og privattelefon 18 67 52.

Han er 29 år gammal, fødd og oppvachsen på Madagaskar i landsbyen Vangaindrano. Til Noreg kom han i 1969, og her har han teke si utdanning ved Misjonshøgskulen i Stavanger. Han er gift med Tone Nilsen og dei har ei dotter Kristin som no er 3 år. Dei kom til Bergen fordi Tone tek sjuke.

Framhald s. 14

# Den miskunnsame

Luk. 10. 25-37

Teksten fortel om ein mann som på vegen frå Jerusalem til Jeriko vart overfalt av røvarar. Dei kledde av han, slo han og lot han liggja der halvdød. Vi prøver å sjå biletet framfor oss. Ein mann i fine klede kjem fredeleg etter vegen. Røvarane som ligg skjult i mørke holer styrter fram og tar frå mannen det han har. Dei nøyser seg ikkje berre med å ta frå han det han eig, han vert og mest slått ihel.

Eit rystande bilete møter oss i denne likninga. Mannen i grøfta, dei mørke skuggane som fjernar seg.

Finnst det slike røvarar i dag? Er det nokon som har vorte kasta i ei grøft etter at dei er vorte fråtekne det dei hadde?

Ein gong var dei på veg til «Jerusalem», men så kom nokon og tok frå dei trua og det dei eigde og lot dei liggja der utan noko å leva for. Med eit fortvila spørsmål: «Kva er eigentleg meiningsa med livet?» Dei kjenner seg ribba for alt.

Livet er vorte tomt og verdilaust og dei kjenner seg mest som døde. Difor spør dei etter ei meining. Menneske hastar forbi. Larm og jag døyver det fortvila ropet om hjelp. Er det ingen som vil stansa og hjelpa?


I likninga frå bibelen kom ein prest framom der mannen låg. Han gjekk forbi. Ein levitt gjorde det same. Men endeleg, — ein samarita såg han og tykte synd i han.

Å hjelpe eit menneske i naud har ikkje noko med tittel å gjera, men med hjartelag. Mange lever i dag i stor sosial naud ute i verda. Går vi forbi desse utan å gje den hjelp vi kan? Lat teksten om den miskunnsame læra oss å vera miskunnsame.

Teksten fortel at samaritanen tok den forkomne opp og fekk han i hus. Såra vart lekte og han fekk det han trøng. Samaritanen betalte alt.

Vi var alle faine blant røvarar som tok frå oss «paradiset». Då kom ein samaritan forbi. Han såg kor forkommen menneskeslekta var. Han lyfte opp ein kross og gav ålt for ei dødsdømd verd.

Den miskunnsame viste oss Guds hjarta.



## Jubileumskonsert

Arna kyrkjekor er 10 år og i samband med det vert det stor jubileumskonsert i Arna kyrkje

søndag 29. september kl. 19.00

Ytre Arna Barne-  
og Ungdomskor

Ytre Arna Kyrkjekor

Eidsvåg Kyrkjekor

Fana Kyrkjekor

Arna Kyrkjekor

m/cembalo og fiolinar

Liturgisk avslutning v/sokneprest  
Øy. Kollekt.

**ALLE ER VELKOMNE!**

## SØNDAGSSKULEARBEIDARAR

Det vert bibel- og materialekveld i Indre Arna Bedehus onsdag 18. september kl. 19.00.

Vel møtt!

Helsing styret

## Ofringar

### Arna sokn:

16.06 Kyrkjelydshuset .... kr. 1317,-

23.06 Samemisjonen .... kr. 2230,-

30.06 Norea radio ..... kr. 905,-

07.07 Kyrkjelydsarbeidet . kr. 1806,-

14.06 Kristent arbeid

blant blinde ..... kr. 736,-

21.07 Kristent arbeid

mellom inn-

vandrarar ..... kr. 1260,-

28.07 Kyrkjelydshuset .... kr. 2099,-

04.08 Kristeleg

kringkastingslag ... kr. 1319,-

11.08 Bispedømmerådet .. kr. 1256,-

18.08 Kykjelydshuset .... kr. 1195,-

### Ytre Arna sokn:

09.06 Kirkens SOS ..... kr. 508,-

16.06 Kristenrussen ..... kr. 538,-

07.07 Kristent arbeid

blant blinde ..... kr. 508,-

21.07 Misjonshøgskulen ... kr. 858,-

28.07 Den norske muham-

medanermisjonen .. kr. 570,-

04.08 Blå Kors ..... kr. 1119,-

11.08 Misjon bak

jernteppet ..... kr. 571,-

## Organist i Arna

Det var 8 søkjavar til organiststillinga, men fleire søkjavarar har etter søknadsfristen teke imot stillingar

andre stad r. Det ligg enno ikkje føre svar frå nokon av dei soknerådet har tilsett. Knut Kvangardsnes er viskar inntil vidare.

## SYNG I KOR

### Arna Kyrkjekor

Arna Kyrkjekor har teke til att med øvingane. Vi held til i kyrkja kvar onsdag frå kl. 18.30 til kl. 20.00. Har du hug til å syngja i kor er dette noko for deg. Vi har mange spanande oppgaver framfor oss, og skal vi klara å løyse desse oppgavene treng vi DEG.

tar gjerne imot nye medlemmer. Dette semesteret skal me mellom anna på week-end til Kvalvågnes i Lindås.

I tillegg til korsong har Arna Ten Sing også eit trim-tilbud. Kvar laurdag er det Ten Sing-trimmen på Garne Ungdomsskole. Vi ynskjer vel møtt til eit godt miljø i Ten Sing.

### Arna Ten Sing

Arna Ten Sing startar opp etter ferien 29. september. Det vert øving kvar torsdag kl. 18.45.

Aldersgrensa er no 7. klasse og vi Nye medlemmer er velkomne!

### Ytre Arna Kyrkjekor -

### Ytre Arna Barnekor

Øvingsdag: tysdag

Barnekoret: kl. 15.30 (3.-6. klasse)

Kyrkjekoret: kl. 19.00

## Skulestart - også for søndags- skulen

### SØNDAGSSKULEN ER EI:

enkel kristen samling om søndagen,  
der borna får:

- syngja kristne songar
- læra å be
- høyra enkel undervisning  
og forkynning ut frå Bibelen
- snakka om det dei hører
- vera i lag med andre i eit  
kristent miljø.



## SØNDAGSSKULAR I ARNA

Søndagsskulen tek no til att etter ferien.  
I Arna er det søndagsskule desse stadene:

YTRE ARNA .....	Bedehuset kl. 10.30
HAUGLAND .....	Bedehuset kl. 11.00
INDRE ARNA .....	Bedehuset kl. 10.00
ARNA KYRKJE/Borgstova .....	kl. 11.00
LIATUN .....	Stølv. 98, kl. 9.45 og 10.30
ARNATVEIT .....	Salen kl. 10.00
HAUGE .....	«Betania» Lone kl. 10.45
UNNELAND .....	Bedehuset kl. 11.00
SEIMSMARK .....	Garnes barneskule kl. 11.00
TUNES .....	Bedehuset kl. 11.00
TAKVAM .....	Kapellet kl. 12.15
ROMSLO .....	Skulehuset kl. 10.30
TRENGEREID .....	Bedehuset kl. 11.00

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men einskilde  
stader er det annakvar.

VELKOMMEN MED BARNET TIL SØNDAGSSKULEN!

## Søndagsskulens Dag


Søndagsskulens Dag vert i år markert 29. september. Denne dagen vil det bli gudstenester fire stader i kyrkjelydane.

Arna Kyrkje ved sokneprest Hindal.  
Ytre Arna ved res.kap. Sundsbø.

Trengereid ved pastor Helge Helgesen.  
Unneland ved pastor Finn Jarle Sæle.  
Alle gudstenestene tek til kl. 11.00.  
Me oppmodar alle familiar til å oppsøkja gudstenesta denne dagen og ta barna med.  
VEL MØTT!

## Barneside

Jesus, hjelp  
meg å  
fölge deg




Når Jesus forteller oss noe om seg sammenligner han seg ofte med ting som vi skjønner og ser virkningen av. Jesus kaller seg verdens lys, han vil være et lys for oss. Som sollyset er den kraft som gir plantene liv, vokster og

skjønnhet, vil Jesus være den kraft som gjør oss til rike og glade mennesker.

«Jesus veien er til min Faders hus, til min Faders hus. Jesus veien er til min Faders hus. Der er fryd, fryd, fryd».


### Vannrett:

1. Båt med seil
6. To like
7. Sønn av Noah
9. Hører vi med
11. Mekka + K
12. Klister ....
14. Står sammen i alfabetet
15. Ola Li
16. Kan øye
17. Ape + e
18. Gjør gutten i rebusen
19. Har vi i bollene



### Loddrett:


1. Gjør fisken i vannet
2. Skynder seg
3. Som 6 vannrett
4. Der potetene vokser
5. Øverst på huset
8. Gir mat
13. Ikke orginal
16. Som 16 vannrett + R
17. Som (engelsk)
18. Smiler



LØYSING PÅ OPPGAVENE I NR. 6:

REBUS:  
SOMMER OG SOLSKINN

# Kyrkjelydkurs i diakoni



Kurset går over 3 tysdagskveldar.

## Tysdag 24. september:

DIAKONI – KVA SEIER GUDS ORD?

v/Audun Tang, forstandar v/Bergen Diakonisshjem.

UTRUSTING TIL TENESTE – DIAKONIUTDANNING MED SÆRLEG  
VEKT PÅ DEN FRIVILLIGE TENESTA

v/Åse Madsen, fung. rektor v/Bergen Diakonisshjem.

## Tysdag 1. oktober:

KYRKJELYDSDIAKONI – HEIMESJUKEPLEIE, med særleg vekt på  
psykiatri v/Ingrid Storsæter, oversjukepleiar i Arna.

DET FRIVILLIGE OMSORGSSARBEIDET – ein rapport frå Storeteit me-  
nighet v/Kirsten Schaefer, leiar for omsorgstenesta i Storeteit menighet.

## Tysdag 8. oktober:

KORLEIS FORHALDA SEG NÄR EIN MØTER EIN FAMILIE I OPPLØY-  
SING?

– Om skilsmisser. V/Ivar August Bye, leiar for Kirkens Familierådgiv-  
ning, Biskopshavn.

## TID OG STAD:

Kurset vert i «Kyrkjestova» (kapellet) ved Arna kyrkje.

Samværa varer frå kl. 19.00 til kl. 21.30 (ca).

**KURSAVGIFT:** 50 kr. for einskildpersonar og 80 kr. for ektepar.

## PÅMELDING

innan onsdag 18. september til Arna kyrkjekontor, boks 11, 5260 Indre Arna,  
tlf. 24 04 00,

eller til Ytre Arna kyrkjekontor, Peter Jebsensv. 39, 5265 Ytre Arna, tlf.  
24 85 46.

Ynskjer du å få vita meir om kva vi som einskildmenneske og som kyrkjelyd  
kan gjera i frivillig teneste for kvarandre? Treng du hjelp til å møta menneske  
som har det vanskeleg?

Vi trur at dette kurset vil gje svar på ein del av dei spørsmåla vi har her, og in-  
spirera til teneste i kyrkjelyden.

**VELKOMMEN SOM KURSDELTAKAR!**

Helsing

Diakonutvalet i Arna og styret for Arna Kyrkjelydsskule

# Kirkens Bymisjon - hva vi er, vil og gjør 130 år - nytt navn, ny bymisjon

Kirkens Bymisjon/Oslo Indremisjon er en selvstendig, privat stiftelse. Fri, selveiende, ubundet. Vi har ikke medlemmer, er ikke organisasjon. Våre ansvarlige organer er representantskap og styre. Vedtektenesier at vi skal arbeide i overensstemmelse med Den norske kirkes beskjennelse og i samarbeid med kirkelige organer.

Fram til 1985, i 130 år, var vi alt så Oslo Indremisjon. Navnet «indremisjon» er historisk betinget. Nå passer dette navnet – i alle fall slik de fleste mennesker opplever innholdet i det – lite til vårt arbeid og vår profil.

Det å være bymisjon, forstår vi slik: Vi er sendt av Gud til byen, til Oslo. Vi skal være et av Guds redskaper i storbyen.

Dette vil vi gjerne gi til mennesker som trenger det og ønsker det. Men vår spesialoppgave er å gi livshjelp til dem som kanskje trenger den mest. De som livet har vært særlig hard mot, som sliter eller lidder. De vanskeligst stillte.

Vår forståelse av Guds oppdrag til oss fører til at vi særlig driver med diakoni. Det vil si: praktisk næstekjærlighet. Kirkens Bymisjon driver i rekke institusjoner og hjelpetiltak – mye av det i samarbeid med offentlige myndigheter og med dekning over helse- og sosialbudsjetter. Men vi gjør også mangt som vi finansierer selv, ved gaver, legatmidler og inntekt av eiendom.

Det hender vi setter igang sosialt arbeid som klart går inn på offentlig ansvarsområde, men som vi betaler selv. F.eks. Nadheim-prosjektet blant prostituerete, som har pågått i 3 år. Vi gjør det fordi offentlig innsats ikke er god nok. Og fordi vi står fritt til å utforme en virksomhet som blir et nødvendig og viktig supplerende alternativ.

# Åse Taule til minne

Åse Taule døydde brått den 15. juli, 53 år gammal. Eit uvanleg fint menneske vart teke frå oss. Ho var Guds gāve til sine nærmaste og til alle som vart kjende med henne. Omsorga og kjærleiken hennar nådde og til mange som ho aldri møtte.

Åse kjende mest ingen grenser når det gjaldt å vere til hjelp for andre. Ho hadde alltid tid til dei som hadde bruk for hennar hjelp. Ho hadde store og krevande oppgåver heime, og likevel hadde ho overskot og krefter til å hjelpe dei mange ho møtte både i arbeid og fritid. Mange minnest idag kor godt det var å møte henne når ho kom på sin enkle og stillfarande måte. Ho brydde seg om dei som ingen andre brydde seg om. Heimen deira var alltid open og ho tok vel imot alle som kom der.

Åse var ein frimodig kristen som tok Gud på ordet. Ho gjekk til Gud med ei frimodig tru både med dei daglege problem og når store og vanskelege spørsmål melde seg. Ho kjende seg spesielt kalla til å vere med å be for sjuke. Lovsangen hadde ein sentral plass i livet hennar. Ofte minnte ho oss på at lovsongen aldri må tagne hjå oss.

Vi syntest det var alt for tidleg at Gud tok Åse heim til seg. Vi hadde så bruk for henne. Mest av alt synest vi det er vondt for mann og born som trong henne så sterkt. Likevel kan vi ikkje anna enn takke for all den velsigning ho delte med oss og for all den hjelp og glede ho gav vidare. Gud signe Åse sitt minne.

Vener

I samband med gravferda vart det gjeve ei minnegåve til Kyrkjelyds-  
huset i Arna. Der kom det inn kr.  
24.900,-.

# NYTT FRA KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 16/06: Linn Marie Ellefsen. Døypt i Ytre Arna.  
23/06: Mariann Mjånes, Tonje Akselberg, Synne Holmefjord, Stephan Remi Litsheim, Robert Strømmen, Kenneth Erdal.  
22/06: Tor Øyvind Ødegård. Døypt i Os kirke.  
07.07: Stig Alfred Kleiveland, Jostein Jens Torma, Erlend Brandsdal Pedersen, Trude Bruknapp, Helene Helland, Jeanette Langeland Tysse, Anne Cathrine Rolland.  
21.07: Maria Svalland. Heidi Kjølseth Osmundsen. Døypt i Grytten krk. Rauma.  
03.08: Jarle Bruvik Sagosen. Døypt i Åland krk.  
04.08: Vidar Mjelde, Christer Eikanger, Inghild Arnesen, Linn Kristin Rolland Larsen.  
11.08: Kim-Jørgen Ryland. Døypt i Ytre Arna krk.  
**Ytre Arna sokn:**  
30.06: André Gjone  
07.07: Monica Løvaas, Laurice-Solveig Majlaton, Silje Marie Solsvik.  
21.07: Silje Steinestø Worren.  
28.07: Marlén Bertelsen.  
04.08: Christer Halsøy.  
25.08: Nina Fredriksen.

- 06/07: Hans Petter Bjordal og Randi Middtun.  
13.07: Arve Kvam og Aud Karin Dalseid. Vigde i Dale kyrkje.  
02.08: Torstein Netland og Rigmor Jakobsen Tysse.  
03.08: Bjørn Gunnar Bøe og Anita Våge.  
03.08: Rune Kvamsdal og Åse Birkeland.  
10.08: Lage Solås og Elin Garnes.  
17.08: Knut Harald Haukeland og Solveig Skulstad.  
24.08: John Rygg og Wenche Veseth.  
**Ytre Arna sokn:**  
05.07: Knut Ellertsen og Jane Henriksen.  
23.08: Steinar Koltveit og Vigdis Bjørsvik.



## Døde

### Arna sokn:

- 14/06: Ingolf Emil Hansen, f. 1911.  
19/06: Inger Skjoldal, f. 1907.  
22/06: Malvin Arthur Løtveit, f. 1916.  
05.07: Lars Hekland, f. 1911.  
10.07: Kjell Thunes, f. 1951.  
10.07: Trygve Løvaas, f. 1919.  
15.07: Åse Marie Taule, f. 1932  
26.07: Ingeborg S. Lothe, f. 1908.  
29.07: Arnfinn Bjarne Holdhus, f. 1916.  
16.08: Torbjørg Rebekka Lavik, f. 1937.

### Ytre Arna sokn:

- 11/06: Sverre Johan Skage, f. 1904.  
19.06: Arthur Ekanger, f. 1901.  
20.06: Birgit Nævdal, f. 1911.  
04.07: Nelly Kvamme, f. 1920.  
05.07: Alf Johan Kalsås, f. 1911.  
08.07: Klara Sofie Rolland, f. 1895.  
21.07: Rakel Helene Haugland, f. 1889.  
01.08: Karin Gaupås, f. 1947.




## Vigde

### Arna sokn:

- 22/06: Vidar Almberg og Connie Bjørndal.  
22/06: Johnny Eidsheim og Nina Larsen.

Presten  
har  
ordet



beid som er gjort med salmeboka, er eg ikkje i tvil om. Venteleg vil den nye salmeboka verka fornyande på salmesongen i kyrkjene, og ein får mange nye salmar, nye fine melodiar og mange eldre salmar får og ei språkform som er lettare å forstå.

Sjølv om det vert ei felles salmebok, vert det utgåver på bokmål og nynorsk. Mesteparten av dei to utgåvene er like, men dei bibelske salmane får kvar si målform.

Vi ser fram til at boka kjem, og det vil jo og vera naturleg at mange i kyrkjelydane kjøper seg ei eiga salmebok.

Fra gammalt har salmeboka vore brukt som gavé til konfirmantar. I det ligg vel eit uttrykk at i samleboka finn ein mykje kristen kunnskap og røysle frå livet med Gud.

Det er og mange som brukar salmeboka som andaktsbok eller bønebok- og eg trur nok at den nye salmeboka vil vera til hjelp der også.

Difor skulle det ikkje berre vera kyrkjene som har bruk for den nye salmeboka, men også heimane.

## NORSK SALMEBOK - EIN BESTSELGAR?

Mange reknar med at den nye salmeboka som vert å få kjøpt i bokhandelen frå midten av oktober i år, vert ein bestseljar i tida som kjem. Førsteopplaget som kjem er på 200.000 eksemplar, men forlaget reknar med å selja nær ein million eksemplar i løpet av dei neste 4-5 åra.

Det er eit stort arbeid som ligg bak den nye salmeboka. I 1954 vart det oppnemt salmeboknemnd, og etter arbeid i alle desse 30 åra i ulike nemnder og med ulike framlegg, er no boka klar. Der finn ein meir enn 950 salmenummer, og det skal vera den mest omfangsrike offisielle salmeboka i verda. Mange nye salmar er kome med, og ein vil sjå at det aller meste av salmane i Nynorsk og Landstad salmebok som vert brukt i gudstenestene, er det også. I kyrkjene har vi ei tid brukt salmar frå den nye salmeboka og mange har sett pris på det.

Det er soknemøtet i kyrkjelydane som skal avgjera når og om den nye salmeboka skal takast i bruk. Soknemåta vil difor tillyssa soknemøta i tida som kjem. Ei hindring er at dette er noko som kostar pengar. Om utsalgsprisen er sett til kr. 120,-, og det er rimeleg for ei så stor trykksak, må vi likevel skaffa nok bøker til kyrkjene før den kan innførast. Det er enno ikkje avgjort om kommunen vil gje noko tilskot, og ein må derfor finna løysingar på dette.

Men at det er eit viktig og stort ar-

## VIKARORDNING

I samband med at sokneprest Øyvind Øy har studiepermisjon frå 1. sept., vert Helge Helgesen vikarprest. Han bur i Salhus med adresse: Saudalskleivane 87 og privattelefon 18 67 52.

I kontortidene vert han for det meste å treffa på prestekontoret i Borgstova. Harald Sundsbø vil formelt fungera som sokneprest i denne tida.

## SOKNEMØTE I ARNA

Arna sokneråd kallar inn til soknemøte 22. september etter gudstenesta med framlegg til vedtak om å innföra den nye salmeboka og drøfta korleis ein skal få pengar til å kjøpa boka.

Ein ventar at også Ytre Arna soknemåta vil innkalla til soknemøte om dette, men dato er ikkje avgjort når dette bladet vert trykt.

## MØTE

### ARNA BEDEHUS

- 05.09: Eldresamvær kl. 17.00.  
08.09: Samlingsfest kl. 18.00.  
Tale v/Håkon Urangsæter.  
12.09: Bøne- og vitnemøte kl. 19.30.  
15.09: Søndagsmøte v/ungdomsnemnda.  
19.09: Medlemsmøte for Indremisjonen.  
21.09: Ungdomskveld kl. 19.30 v/ungdomsnemnda.  
22.09: Kyrkjelydstreff kl. 19.30.  
26.09: Bibeltine kl. 19.30 v/Kristian Helland.  
29.09: Møte v/NLA kl. 19.00.  
03.10: Eldresamvær kl. 17.00.  
06.10: Misjonsfest kl. 18.00 v/NMS.

### YTRE ARNA BEDEHUS:

- 24-29.09: Møteveke v/Indremisjonen.  
Talar Audun Hjelvik.  
03-08.09: Møteveke v/Santalmisjonen.

### HAUGLAND BEDEHUS

- 08.09: Stemna kl. 17.00.  
29.09: Møte v/NLA kl. 19.30.

### BETANIA, LONE

- 07.09: Samlingsfest kl. 19.30.  
Tale v/Gottfred Eriksen.  
17-29.09: Møteaksjon  
V/Steinar Harila.

## Krinsungdomsstemna

Nordhordland Indremisjon arrangerer krinsungdomsstemna i Betania, Lone, laurdag 14. september.

Talar denne dagen vert Kåre Eikrem og sangkrefter vert «Lyset», Fonnesgutane og Gledesbudet.

#### PROGRAM:

- 10.30 Bibeltine  
12.30 Middag.  
14.00 Krinsolympiade.  
16.30 Sang- og musikkmøte.  
19.30 Ungdomstreff.  
Velkommen!

## Nye konfirmantar

177 ungdommar har i år meldt seg til konfirmasjonstida i Arna. Av desse høyrer 37 til Ytre Arna og 141 til Arna.

I fjar var det over 30 fleire konfirmantar, men årskullet er så mykje mindre i år.

## 50-års konfirmantar

Søndag 20. oktober er dei som vart konfirmert i Ytre Arna kyrkje 6. oktober 1935 og dei som budde på Haugland og Kvamme og vart konfirmert i Arna kyrkje 29. september 1935, invitert særskilt til gudstenesta i Ytre Arna.

Etter gudstenesta vert det ei samling i Kyrkjelydshuset, og der vert det rikeleg høve til å utveksla minner frå tidlegare tider. Dei som har kome saman tidlegare år har sett pris på dette, og vi vonar på god oppslutning i år også. Det er sendt ut innbyding til 14 50-års konfirmantar.

## Resultat av


### Fasteaksjonen:

#### 10 mill. kr.

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon «Brød for verden» gav i år i overkant av 10 mill. kr. Dette er over 50 % auke frå i fjar, og alle gjeverane vert takka på det varmaste. Frå Bjørgvin bispedøme kom det inn 1.898.000 og det er ein auke på 55 % frå året før.

Pengane vert for det meste brukt til å dekkja Kirkens Nødhjelp sin eigenandel på 20 % i dei mange NORAD-støtta prosjekta. Dette vil seia at verdet av årets fasteaksjon kan seiast å vera på 50 mill. kr. 70 % av KN sitt budsjett går no til Afrika. Etiopia, Sudan og Mali er alle råka av tørken, og eit omfattande hjelpearbeid er i gang. Matutdeling og langsiktig utviklingsarbeid for å demme opp mot komande katastrofer går hand i hand.


Arbeidet mellom dei som er råka av flaum i Bangladesh går vidare, sameleis støtta til Afghanistanflyktningane, forfølgde indianarar i Mellom-Amerika og mange, mange andre. Det er nok å bruke pengane til, pengar som vert nyitta der dei trengst mest!



## Velkomen til kyrkjelydsskulen sin TEMA- OG SAMTALE-KVELD i september

Onsdag 18. september kl. 19.30 i Kyrkjelydshuset, Ytre Arna:  
NÅR JESUS MØTER MENNESKE – KVA SKJER? DEN GONGEN (NT) OG I DAG.

Trygve Helge Kleppestø innleier om tema.  
Etterpå samtalar vi over ein kopp kaffi/te.  
Ta med nistepakke! Te og kaffi vert servert.  
Ta gjerne også med Bibel eller Nytestamente.



Tema-kveldane er opne (inga påmelding), — og alle er velkomne!  
Helsing  
STYRET FOR KYRKJELYDSSKULEN

## Nye medarbeidarar i Arna Kyrkjelyd sin dagheim:



Frå venstre: Førskolelærar Gunnvor Litleskare, Morvik. Praktikantane Merethe Harkestad, Arnatveit, Marianne Presttun, Arnatveit og Kari Landro, Espeland.

# KFUK-speidere på Englandstur



Norske og engelske speidarjenter.

Så var dagen der! 15 forventningsfulle speider-jenter og ledere vinket farvel fra «Venus» og satte kursen mot England. I Richmond utenfor London bor jentene som er speidere i Ham & Petersham Girl Guides og som vi ble kjent med sommeren 1983 da de var i Arna. Dette var en gjenvisitt som vi hadde forberedt i lengre tid.

Vestlandsjentene er vant med regn og det var godt for været - de fjorten dagene vi tilbragte i England var ikke særlig sommer-varmt og tørt. Men ingen sure miner for det. Med godt regntøy klarte vi oss godt. At speider-ledere som så godt vet hvordan alt skal være, blir gjennomvåt siste dagen på leiren da pakkingen stod på, er bare til pass. Gjett om Margit ble mobbet for det!

På leiren ble de norske jentene satt i patruljer med de engelske og måtte lage sin egen middag. Frokost og lunsj spiste vi sammen. Wendy Holwill, som den engelske speiderlederen heter, pleider å ha leir sammen med mannen sin, Mike og speiderguttene fra Ham. Stedet vi var på, Holmbury St. Mary i Surrey var en idyllisk gammel engelsk landsby med store aske-, bøke- og eiketrær rundt leirplassen.

Dagene på leir gikk med forskjellige

leiraktiviteter og med besøk til en Watercress- (eng. grønnsak med skarp smak) farm, ørretanlegg og et keramikkverksted som lå i en gammel landsby med hus fra 1400-1500-tallet som ennå ble brukt til bolighus. I det «grønne beltet» rundt London er det ikke lov til å oppføre nye bygg og det er restriksjoner på fornyinger av de gamle husene.

Uken etter leiren var de norske jentene gjester hos de engelske jentene og fikk praktisert engelskunnskapene sine enda mer. Uken gikk fort med forskjellige programopplegg. Søndag var vi til gudstjeneste i den lokale kirken, St. Richard's Church. Liturgien var noe forskjellig fra den vi er vant med. En ung teologistudent prekte og nådde nok både de norske og engelske da han startet med John Lennons melodi «Imagine» og tok utgangspunkt i den og en nylig utkommet bok som også hadde titelen «Imagine» der en engelsk fotograf hadde besøkt det tørkerammede Afrika.

Tenk om vi alle kunne leve i fred, tenk om vi alle ble venner, tenk om vi alle delte godene med hverandre, tenk om verden kunne bli en!

Å bli kjent over landegrensene er en måte å begynne på. Å se at selv om skikker og tradisjoner er ulike så er vi

alle mennesker med de samme behov. Å oppleve at vi tilber den samme Gud selv om vi gjør det forskjellig. Vi norske sang «Måne og sol» og da vi fikk spontan applaus fra den engelske menigheten sang vi likegoda også «Gud, lær meg å se».

Det var en opplevelse å være i London med de forskjellige mennesketypene og oppleve menneskemylderet i millionbyen. Dagene gikk til forskjellig sightseeing på kjente steder, Tower, Tower Bridge, St. Paul's Cathedral, Westminster Abbey, Parliament, Big Ben, Buckingham Palace med «changing of the Guards», Madame Tussauds vokskabinett, Convent Garden, Windsor Castle, «Singing in the rain» med Tommy Steele i Palladium, et teater som rommet 2.300 mennesker. Vi fikk møte den andre hovedrolleskuleren, Roy Castle etter forestillingen.

Og vi var, ikke minst, og shoppet på Oxford Street og ryggsekken ble for mange tyngre på hjemturen enn da vi kom. Handletur ble det også i Kingston, en by på Bergens størrelse, og sist kvelden avsluttet vi med grillselskap ute.

Hva håper vi så å få etter en slik tur? – gode minner, et utvidet bilde av vårt bilde av verden, at vi alle er mennesker skapt i Guds bilde og er mer like enn vi ofte tror, kontakter over landegrensene og møte med andre speidere.

Som leder for turen vil jeg si takk til alle jentene for en fin tur, for godt humør og positiv innstilling. Vi hadde ingen uhell på turen og småproblemene ble løst underveis.

Takk til alle de andre lederne, Trine, Gro, Eli, Elisabeth og Randi for godt samarbeid. Turen ble et godt minne.

Margit B.

Åpenhet og fellesskap er viktig for en menighet. Kanskje denne illustrasjonen kunne vera ei påminning for oss?



## GUDSTENESTE FOR ELDRE

Vi inviterer dei eldre i kyrkjelydane til gudsteneste i Arna kyrkje.  
Nattverd.

**SØNDAG 6. OKTOBER KL. 11.00**

Det vil bli sytt for skyss til og frå kyrkja. Dei eldre som treng skyss kan ringe til kyrkjekontoret tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

**VELKOMEN!**

**DIAKONUTVALET I ARNA**

Framhald frå s. 1.

pleiarutdanning ved Betania, og vil verta buande her til ho er ferdig neste år.

— Har du spesielle interesser utanom arbeid og familieliv?

— I Stavanger spela eg eindel fotball og volleyball, på 5. divisjonsnivå. Dessutan har eg heilt siden konfirmantalderen dreve ein del med maling, både olje og akvarell. Men det blir lite tid til å få gjort så mykje av det.

— Som misjonærson og med utdanning frå Misjonshøgskulen har du vel framtidsplanane klare?

— Ja, meiningera er at eg skal reisa ut som misjonær. Førrebels ventar vi på at kona skal bli ferdig med si utdanning. Dette er ennå litt langt fram, og difor er det ikkje teke noko endeleg avgjerd om kvar eg skal reise. Men sidan eg kjenner både språk og kultur på Madagaskar, er det vel mykje som tyder på at veien kjem til å gå dit.

— Mange seier at å drive misjon i Afrika og Asia er å dytta på folk og kultur noko som er fremmed, og at vi heller skulle la være?

— Det fins nok eksempel på at misjonærane har dreve uheldig kulturpåverknad. Men i den situasjonen vi har i dag ligg misjonærane nederst på lista over dei som driv kulturpåverknad. I mange tilfelle er misjonærane heller med på å bevare kulturen, ved at dei lagar skriftspråk og ofte tar vare på tradisjonar som ellers ville ha forsvunne. Misjonærane har ofte vore med på å byggja opp ei kjensle av sjølvstende i mange afrikanske folk. I dag skjer den store og alvorlege kulturpåverknad gjennom vestleg industri som prøver å selja varer som Afrika ikkje har bruk for.

— Kan vi i Den norske kyrkja ha noko å læra av kyrkja på Madagaskar?

— Vi kan lære noko om alvoret ved å vera ein kristen. Motsetnaden mellom det å vera kristen og ikkje vera det er så mykje meir markert på Madagaskar. Dei tek difor trua si på alvor. Der

kunne vi nok ha eit og anna å læra.


Vi ynskjer han velkomen til Arna og vonar han må kjenna seg godt motteken i kyrkjelydane.

## O.H. BETONG A/S

Ferdigbetong - sand - singel

Sand i sekker

Telefon: 24 07 59 — 24 33 03

**HJELLE'S**  
bakeri og konditori  
**ESPELAND**  
Telefon 24 01 30  
SEIMSMARK - telefon 24 05 71  
MANNSVÆRK - telefon 28 07 34  
YTRE ARNA - telefon 24 88 30

TIL HVERDAG OG FEST  
HJELLE's HJEMMEBAKST SMAKER BEST

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

## Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

## Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

## VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arnafolk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,  
avd. Arna

## ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning  
Hagesenter  
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866

## SPAREBANKEN VEST

AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

## ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyer. Monumenter besørges oppsatt.



Aut. bilverksted  
Aut. dekk-  
forhandler

GODE TILBUD  
PÅ DEKK OG  
REKVISA!

GOD SERVICE —  
RIMELIGE PRISER —  
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår  
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter  
J.B. Myklestad  
5260 Indre Arna  
Tlf. 24 07 40



# *Velkommen til kyrkje*

- 08/09** Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.  
Ytre Arna kl. 11.00. Pastor Helge Helgesen. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag.
- 15/09** Arna kl. 11.00. Pastor Helge Helgesen. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.  
Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste v/res. kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- 22/09** Arna kl. 11.00. Forstander Audun Tang. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.  
Ytre Arna kl. 11. Pastor Helge Helgesen. Nattverd.
- 29/09** Arna kl. 11.00. Sokneprest Hindal. Søndagsskolens dag. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrets.  
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Søndagsskolens dag. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrins.  
Trengereid kl. 11.00: Pastor Helge Helgesen. Søndagsskolens dag. Takkoffer til Bergen Søndagsskolekrins.
- 6/10** Unneland kl. 11..00. Pastor Finn Jarle Sæle. Søndagsskolens dag.  
Arna kl. 11.00. Res. kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Norges Kristelige Student- og skoleungdomslag. Eldre spesielt inviterte.  
Ytre Arna kl. 11.00. Vikarprest Helgesen. Nattverd. Takkoffer til Norea Radio.

## SØNDAG ER KYRKJEDAG

### KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.  
**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Ingebjørg Rangnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.

**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.

**Bladpengar:** kr. 30.-  
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.  
Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

### ARNA PRESTEGJELD

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30  
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf.24 85 46.  
**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.  
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.